

MØTEBOK REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

TID 29. nov. 2024 kl. 0900 - 1500
STAD: Flå kommune. Kommunestyresalen

Desse møtte frå Regionrådet:

Solveig Vestenfor	Ål kommune
Pål Rørby	Hemsedal kommune
Sigrid S. Ilsøy	Hol kommune
Heidi Granli	Gol kommune
Anne Kari Eriksen	Nesbyen kommune
Merete H. Gandrud	Flå kommune

Desse møtte frå KRU:

Ole Johnny Stavn	Hol kommune
Odd Egil Stavn	Flå kommune
Bente R Herdlevær	Nesbyen kommune
Bjarte Reve	Hemsedal kommune
Hege Mørk	Gol kommune
Karsten Dideriksen	Ål kommune

Desse møtte frå Buskerud fylkeskommune.

Iselin Haugo Stavn (H)
Anders Wengen (V)
Hilde Aarø (adm)

Desse møtte frå administrasjonen:

Jan Olav Helling, dagleg leiar

SAK 72/24 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 27. SEPT 2024**Vedtak:**

Protokollen 27. sept. 2024 er godkjent.

SAK 73/24 PRESENTASJON AV KLIMAPARTNER VIKEN

Tor Barfod frå Buskerud fylkeskommune orienterte om klimapartner Viken. Sjå vedlegg.

SAK 74/24 MANDAT FOR FRAMTIDSRETTA LEGEVAKTSSAMARBEID I HALLINGDAL**Vedtak:**

Regionrådet sender «Mandat for framtidsretta legevaktssamarbeid i Hallingdal» tilbake til KRU slik at det kan få ei betre forankring i kommunane og at ein ev. kan foreslå justeringar. Saka kjem attende til Regionrådet i januarmøte.

SAK 75/24 DELTAKING I FORPROSJEKTET: «KVA SKAL TIL FOR AT POLITIKARAR SKAL VERA BETRE RUSTA TIL Å TA AVGJERDER I ARELSAKER»**Vedtak:**

Regionrådet rår kvar kommunane til å svare på invitasjonen frå Buskerud Bonde- og Småbrukarlag.

SAK 76/24 RETNINGSLINER FOR SLT RÅDET I HALLINGDAL**Vedtak:**

Regionrådet vedtar nye retningslinjer for SLT- råd

SAK 77/24 VEGPAKKA INN I STATSBUDDSJETT – MOBILISERING MOT BUDSJETTVEDTAK

Jan Olav orienterte om kva påverknadsarbeid Samferdselsutvalet har drive med den siste tida. Sjå presentasjon

SAK 78/24 INNSTRAMMING PÅ HELSEEKSPRESSEN - KAN NOKO GJERAST?**Vedtak:**

1. Regionrådet ønskjer ein dialog med Vestre Viken rundt praktisering og organisering av helseekspresseudninga i Hallingdal. Målet er likeverdige helsetenester, at publikum skal oppfatta ordninga som meir fleksibel og forutsigbar og at plassane kan utnyttast betre. Me dette meiner me:
 - At det blir lettare for innbyggjarane i Hallingdal, spesielt dei eldre å nytte helseekspresseen.
 - At helseekspresseen skal vere den primære transportmåten for pasientar frå Hallingdal som skal til sjukehus/spesialist på Ringerike, Kongsberg, Drammen, Bærum og Oslo. Helseekspresseen blir då eit alternativ til offentleg kollektivtransport eller til å køyre sjølv.
 - At plassane på helseekspresseen blir utnytta betre enn i dag?
 - At ein vurderer å endre rekvireringsordninga. Kan innkallingsbrev til behandling vere godt nok til å få plass på transporten?
2. Hallingdal tek også kontakt med Numedal for å høyre om dei vil delta i dialogen

SAK 79/24 EVENTUELT**Lovforslag om forbod mot elsyklar utanfor grus- og turveggar i utmark**

Regionrådet vart informert om at motorferdsellovutvalet har foreslått innstramming i motorferdselslova når det gjeld elsykkel på sti. Saka har vore på høyring og energi og miljøkomiteen skal fatte vedtak. Regionrådet drøfta saka utan å konkludere

Leiarsamling med fokus på regionalt samarbeid**Vedtak:**

KRU tar opp saka med HR-forum og kjem attende til Regionrådet med forslag til dato og opplegg i januar-møte.

Førespurnad til kommuneregionane om å delta i arbeidsgruppe for trafikktryggleik i Buskerud**Vedtak:**

Hege Malene Ulstein frå Ål blir Hallingdal sin representant

Behandlingsbasseng Nesbyen

Kan fleire kommunar nytte behandlingsbassenget på Nesbyen?
Dialogen mellom Gol, Hemsedal og Nesbyen går vidare.

Referat frå møte i USS

Merete orienterte frå møte i USS

NAV

Regionrådet drøfta det at NAV ikkje lenger ønskjer å forlenge avtalene med NAV kontor ute i kommunane.

Vedtak:

Regionrådet inviterer NAV lokalt og NAV Vestviken for å drøfte partnerskapsavtala og praktiseringa av avtala. Det er også ønskeleg å ta opp tema som drop in, finansiering av KI labben og flyktningar.

Får møtefullmektigane i forliksrådet god nok opplæring**Vedtak:**

Hege tek det opp med leiar av forliksråd

Nytt frå Buskerud

Budsjettet i fylkeskommunen blir vedtatt 16 des.
BFK jobbar med å konkretisere korleis ein skal jobbe med innanforskap

Skal Regionen gi felles høyringsforslag om besøksbidrag**Vedtak:**

Kommunane som ønskjer det kan samarbeide om ei felles høyringsuttale, men det blir ikkje sendt noko frå Regionrådet.

13. des. møte i Regionrådet utgår

Hallingdal, 2. des. 2024
for rådsordførar

Jan Olav Helling
Dagleg leiar